

Eiga nettside for elva

30.03.2012



I fjor vart det ny fangstrekord for Uskedalselva med 1,4 tonn laks og sjøaure og elveeigarlaget legg vekt på å utnytta den positive blest dette skapte. Som eit av tiltaka er laget no i gang med å byggja opp ei eiga nettside for elva og fisket og den blir lansert ein dag med det fyrste. Mailadressen er allereie klar og kan nyttast.

uskedalselva@gmail.com

Leiar Johannes Feet vonar at sida skal bli eit tenleg hjelpemiddel for fiskarane og andre som har ein eller annan funksjon med tilknytning til elva og fisket. Fangstrapporatar står sjølvstøtt sentralt, gjerne supplert med bilete. Det same gjeld fiskereglar og andre opplysningar som er viktige for fiskarane.

På biletet over står Ivar Kåre Døssland med den største fisken som vart teken for 2 år sidan og som vog 8,9 kilo. (Foto: Ola Matti Mathisen)